



Hol kommune  
postmottak@hol.kommune.no

20.10.25

## Høyringsvar til Næringsstrategi i Hol kommune

Naturvernforbundet i Hallingdal (NiH) vil kome med desse innspela til Hol kommune i samband med planen for Næringsstrategi:

- 1) Hol kommune må gå gjennom alle **tidlegare godkjente reguleringsplaner på nytt (planvask)**. Det kan vere planer for hyttebygging, næringsbygg, bustader osv. Nokre av planene er sopass gamle at kunnskapsgrunnlaget ikkje var godt nok, når vedtaket om utbygging vart gjort. Slike områder bør kommunen føre attende som NLF områder. Kommunen risikerer ingen erstatningskrav så lengje kommunen ikkje har gjett byggeløyve.
- 2) På side 4 i denne planen, Næringsstrategi, står det at **Reiselivet** gjev Hol kommune store inntekter og at tilreisande har lagt att omlag 1,1 milliard kroner i 2019. Her burde det skrivast noko om at Reiselivet også påfører kommunen store utgifter i samband med t.d. lovpålagte helsehjelp til tilreisande, brann og redning, slitasje på vegnett og søppelhåndtering. Kommunen bør framskaffe tal som viser desse kostnadane.
- 3) **Skiheisanlegg** bør ikkje byggjast slik at dei går heilt opp på fjelltoppane. Fjelltoppane er eit fellesgode som til tilhøyrer alle!
- 4) I Plan og Bygningslova er det krav om at det ikkje kan gjerast **inngrep i eit belte på 100 meter frå vatn, bekkar og vassdrag med årssikker vassføring**. Denne regelen er viktig for å ivareta naturmangfaldet i og rundt vassdraget. Vegetasjonen som fins i dette 100 metersbeltet, stabiliserer jordsmonnet og er med på å forebyggje erosjon, flaum og skred ut mot vassdraget.

- 5) Det skal ikkje byggjast **i og over tregrensa**. Det er grunn til å minne om at slike utbyggingar er i strid med **nasjonale og regionale føringar**. I Hytteveilederaen (september 2022) som er sendt ut frå Stortinget står det mellom anna at:  
"Det er derfor viktig å verne samanhengande naturområde utan inngrep i skogbeltet under snau-fjellet. ....Unngå ny fritidsbusetnad i og over skoggrensa ...Unngå utbygging som bryt tydelege åsprofilar eller viktige horisontlinjer ...Unngå utbygging i område med viktige beiteressursar for husdyr. Unngå utbygging på dyrka og dyrkbar mark.... Ved planlegging av nye fritidsbustader må det takast omsyn til verdifulle kulturminne og kulturmiljø. Kulturminna som skal vernast, må gjevast tilstrekkeleg rom, slik at dei ikkje blir skadde av inngrep eller auka ferdsel og aktivitet knytt til fritidsbustadene. "


**Fortetting** av eksisterande hyttefelt, kan vere bra, sett ut frå eit arelperspektiv. Men med fortettinga, vil turisttrafikken auke omkring hyttefelt, og dette er spesielt uheldig i områder med villrein og andre sårbare artar og ikkje minst for beitedyr. Beiteretten som bøndene har hatt gjennom mange hundre år, men som no gradvis smuldrar bort med den aukande turisttrafikken, må styrkast m h t mattryggleiken vår.

- 6) Mange kommunar i Norge har innført ein regel om **arealnøytralitet**. Når eit areal vert bygd ut, må eit tilsvarende godkjent areal fjernast frå kommune kartet. Dette bør Hol kommune innføre, som eit fyrste steg, for å nå måla i Naturmangfaldavtala.
- 7) Hol kommune må gjennomføre ei omfattande **naturmangfaldkartlegging** i kommunen. Dette er spesielt viktig i samband med utbyggingar t d hytter i fjellet og planlegging av løypenett. Me vil vise til Naturmangfaldlova §8-12. Det er kommunen sitt ansvar å skaffe til vege kunnskapar om naturmangfaldet i kommunen slik at kommunepolitikerane kan fatte kloke og langsiktige vedtak der hensynet til natur og miljø er ivaretekke jmf plan og bygningslova § 12 – 4.

I rapporten frå Biofokus (20.03.23) står det om Hol kommune:

"Samlet sett vurderes kartleggingsstatus for Hol kommune som «lite kartlagt» for store deler av kommunen. Arealene regnet som «ufullstendig kartlagt» er knyttet til områder med nyere DN-13-kartlegginger, større hytteområder/alpinanlegg og arealer i lavlandet. Store høyereliggende områder inkludert arealer med rik berggrunn, later ikke til å være undersøkt og er vurdert til «lite kartlagt»."

Kartet nedanfor er henta frå denne rapporten, og viser at store områder i kommunen er i liten grad kartlagt.



Figur 2. Kart som viser kommunens kartleggingsstatus. Mye av kommunen er «lite kartlagt» (rødt), i særlig grad høyereliggende områder, mens resten i stor grad er «ufullstendig kartlagt» (gul). Bare mindre arealer som kartlegges etter Miljødirektoratets instruks i 2022 er vurdert som «godt kartlagt» (grønt).

Når lokalpolitikere gjer vedtak om utbygging utan å ha tilstrekkelege kunnskapar om naturmangfaldet i området, kan det få store negative konsekvensar for natur og miljø. Slike vedtak er ugyldige jmf forvaltningslova § 41.

Kartlegginga bør foregå gjennom alle årstidene. **Det held ikkje å berre kartleggje naturtypen i eit område- også naturmangfaldet på artsnivå må kartleggjast.** Det er viktig å få kartlagt større områder som kan vere interessante m h t naturmangfaldet for å skaffe tilstrekkeleg kunnskapar slik at dei mest såbare områda i kommunen kan evt vernast.

I samband med utbyggingar er det viktig at kommunen foretek ei **samla vurdering** av konsekvensane av utbygginga m h t naturmangfaldet. Sivilombodet skriv i brev, Sak 2024/1117 , i samband med utbygging av Kjelhovda i Hemsedal:

*"Naturmangfoldloven § 10 krever at kommunen skal vurdere den samlede belastningen for villreinen som utbyggingen av Kjelhovda vil bidra til.... Det følger av naturmangfoldloven § 10 at en påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastningen som økosystemet er eller vil bli utsatt for. Denne bestemmelsen skal blant annet forhindre en gradvis forvitring av leveområder hvor inngrepene gjerne finner sted "bit for bit, over tid ..."*

- 8) Hol kommune må utarbeide/revidere **stig-ski og sykkel/løypeplan** i kommunen. Med sykkel/skiløyper fylgjer mykje trafikk , og dette forstyrrer plante og dyrelivet i området. Kommunen bør vere spesielt merksame **villreinen** som slit om dagen. Hol kommune husar ei stor villreinstamme og har difor eit spesielt stort ansvar for å ta vare på den.

Villreinen er vurdert som nær truga i Norsk raudliste for arter 2021 og er regna som truga på den globale raudlisten IUCN, Red List of Threatened Species. Norge er difor internasjonalt forplikta til å ta vare på villreinen etter den internasjonale konvensjonen om biologisk mangfold og Bernkonvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr og leveområda deiras. Når kommunen planlegg løypenettet, må hensynet til naturmangfaldet og villreinen tilleggast stor vekt.

Kommunen må samarbeide med nabokommunane om stig- og løypeplaner.

- 9) Hol kommune må få ned **klimagassutsleppa sine** . NiH ynskjer å utfordre turistnæringa i som i stor grad er bygd opp omkring skibakkanlegg og løypenett. Turistnæringa må som alle oss andre, ta eit klimansvar og bidra i arbeidet for å kutte klimagassutsleppa. Kva med å markedsføre seg sjølve med tilbod om klimanøytrale skiløyper eller økoløyper? Prepareringsmaskinene må elektrifiserast!

Kommunen bør leggje til rette for at preparering av skiløyper skjer i områder der folk bur, altså nede i dalsida . Det betyr at det blir mindre bilkøyning for å få seg ein skitur, altså mindre klimagassutslepp, og lettare å rekkje ein skitur på ettermeddagen etter arbeid. Altså ein god folkehelseeffekt. I tillegg kjem at det er mindre vind i dalbotnen/dalsida enn oppe på fjellet, noko som gjer at det ikkje trengs å prepare løypene så ofte i dalbotnen. Altså mindre klimagassutslepp.

- 10) For å få ned **klimagassutsleppa**, som er eit nasjonalt ynskje, bør kommunen stille krav til anleggsmaskiner, bussar, lastebilar og traktorar osv om nullutslepp f eks ved at det skal nyttast biodiesel HVO eller elektrisitet som drivstoff. Det må innførast eit krav om at all utbygging og drift i kommunen må ha eit klimaregskap. Hugs at Norge har forplikta seg til å redusere utsleppa av klimagassar med 55% innan 2030 (frå 1990 nivået).

Alle bygg som vert ført opp , også eldre bygg, bør ha **solceller på tak evt på veggar**. Vidare bør alle nybygg fylgje normane for passivhus, og utbyggjar må dokumentere gjenbruk av materialar. Jordvarme kan vere eit godt alternativ i større bygg med dårlege lysforhold. Å nytte mindre betong/plast og meir fornybart trevirke er ynskjeleg.

- 11) Hol kommune bør innføre krav om **delingsøkonomi** for fritidsboligar slik at hytta kan nyttast store delar av året.

Kommunen må også stille krav om at hvis utbyggjar ynskjer **torv på tak**, så kan ikkje den hentast frå myr. Utbyggjar må kunne dokumentere kor torva kjem frå.

Vanlegvis vil all utbygging føre til auka utslepp av klimagassar sidan mykje **karbon er bonde** i dyr og planterester som ligg i den øvste delen av jordsmonnet i urørt natur. Framtidige planter som skulle binde klimagassen CO<sub>2</sub>, blir fjerna. Det er derfor ynskjeleg å byggje minst mogleg på nye områder og heller reparere gamle hus/hytter.

- 12) **Straumkablar og fiber** blir ofte lagt i grøfter med finpukk. Pukken drenerer vatnet godt og dette er med på å auke faren for **flaum**, då vatnet raskt kan renne gjennom slike grøfter og auke vassføringa i bekkar og elvar jmf flaumen under Hans. Det same kan seiast om all dreneringa rundt hytter/bustader og stikkvegane inn til desse. Større hyttefelt/boligfelt kan difor forsterke flaumskadene i samband med ekstremver.

- 13) **Lysforureining** er eit stort problem frå alle hyttene i fjellet. Lyset forstyrrar mellom anna insekta som slit om dagen, og me treng dirfor å gjere tiltak for å **sikre insekta** gode leveområder, ikkje minst m h t pollinering. Veglys bør ikkje vere tente på sommarstid. Slik kan kommunen spare straum og pengar! I hytter, boligar og andre bygg som ikkje er i bruk, må lyset vere sløkt!

Stortinget har gjett oss nasjonale føringar om lysforureining i Hytteveiledaren (sept 2022). Her står det mellom anna:

*"Omfattande bruk av utelys gjer at mange hytteområde står som lysande byar i fjellet og langs kysten. Dette påverkar landskapsopplevinga over store område, og reduserer sjansen til å oppleve stjernehimmelen. Det kan også forstyrre døgnrytmen til plantar, dyr, og insekt. "*

*"Reguleringsplanar kan ha føresegner om maksimalt tal utelys eller at utandørs belysning skal avgrensast til inngangsparti. Det kan gjevast føresegner om at utelys skal ha armatur som er retta nedover, og stillast krav om bruk av lysstyringsanlegg som syter for at lyset blir dimma eller skrudd av om natta. Det kan også gjevast føresegner om fargetemperatur for å avgrense spreinga av lyset. Gatebelysning bør ikkje tillatast utanfor eventuelle sentrumsområde, og føresegnene kan regulere dette."*

- 14) Tiltak for å bekjempe **framande artar**.

Kommunen bør kartleggje kvar i kommunen det fins framande artar som t d Lupin. Vidare bør kommunen engasjere og støtte frivillige organisjonar som t d Naturvernforbundet i Hallingdal til gjennomføre aksjonar i samarbeid med skulen for å luke Lupin i kommunen. Dette vil vere eit viktig tiltak for å **restaurere øydlagt natur**.

Kommunen bør derfor slå vegstrekningar som har den framande arten Lupin tidleg på forsommaren, før blomstring, og seinare på hausten. Alt utstyr må reingjerast grundig etter kantslått der det veks Lupin.

- 15) I samband med **skogsdrift** er det viktig å ivareta det biologisk mangfald. Kommunen bør unngå hogst i hekketida. Kommunen bør tilstrebe **lukka hogst** framfor flatehogst.

Me foreslår at det blir innført meldeplikt for all hogst i kommunen. Det vil gjera det enklare å unngå hogst av rovfugleir, tiurleikar og andre artar som treng spesielle omsyn. Meldefrist 1mnd. Hogst etter vatn og vassdrag og områder med viktige naturverdiar (jmf punkt 3 over) må sjølvstøtt meldast.

**Vernskog i tregrensa** mot fjellet er viktig m a for mikroklimaet fordi den stengjer for den kalde fjellufta. Denne skogen må difor vernast.

Naturvernforbundet i Hallingdal

for styret Olav Arne Løstegaard